Fra: gudrun.juuhl@gmail.com [gudrun.juuhl@gmail.com]
Til: Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]
Kopi:
Sendt: 21.11.2016 09:27:08
Emne: Høyringssvar om regionreforma frå Volda mållag
Vedlegg:

Nynorsken i Møre og Romsdal treng eit sterkt nynorskfylke i sør!

Møre og Romsdal er eit nynorskfylke, og det er eit viktig ryggstø for alle dei innbyggjarane som brukar nynorsken til dagleg. Men dette vert ikkje like lett om me er det einaste nynorskfylket!

Dei tre fylka sør for Møre og Romsdal – Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane – har vorte samde om ein intensjonsavtale som skal vera grunnlaget for å slå fylka saman til eitt vestlandsk storfylke eller «region». Volda mållag er svært kritisk til at det i intensjonsavtalen ikkje vert slege fast at ein eventuell ny vestlandsregion skal ha nynorsk som administrasjonsmål og krevja nynorsk i skriv frå statsorgan.

På Sunnmøre er nynorsk dominerande i skule, offentleg forvaltning, aviser, kulturliv og til ein viss grad også i næringslivet. Dette kviler mellom anna på at me er ein del av eit større nynorsk kjerneområde der nynorsk er nedfelt som kommunespråk og fylkesspråk.

Volda mållag oppmodar fylkestinget i Sogn og Fjordane om å tenkja på konsekvensane for heile nynorsk-Noreg, og ikkje melda seg inn i eit storfylke utan garantiar om at administrasjonsspråket vil vera nynorsk.

Venleg helsing

Volda mållag

ved Gudrun Kløve Juuhl

leiar